



Møtebok

Sak nr 12/2008

Møtedato: 30.1.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351,4

Jaktkortprisar

Direktoratet for naturforvaltning har den 20.2.07 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning fastsett reglar for jaktkort.

Det skal vera tilgjengeleg følgjande korttypar: dagskort eller døgnkort, vekekort og sesongkort. Når blir tilbode jakt på vekebasis i regulert periode med søknadsfrist, kan fjellstyret velja berre å tilby vekekort og sesongkort.

Prisramme er endra slik: dagskort eller døgnkort kr 160, vekekort kr 900 og sesongkort kr 1600. Opplæringsjakt etter forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt og fangst § 6 kan heilt eller delvis skal sleppe å betale for jaktkortet. Prisen på småviltjakt for utanbygdsbuande kan overstige prisen for innanbygdsbuande med inntil det dobbelte.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek følgjande justering av prisar for jaktkort:

		avgrensa sal			fritt sal		
		1.periode	2 periode	sesong	1 dag	veke	sesong
utanbygds	u/hund	800	800	1200	145	580	870
	m/fuglehund	880	880	1320	160	640	960
	m/harehund	880	1000	1320	160	640	960
innanbygds	u/hund				100	400	600
	m/hund				110	440	660
utanbygds / innanbygds		Åtejakt/fellefangst etter rev, mink og mår i tida 14.11-15.4 (avgrensa av generell jakttid) og organisert revejakt gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag.					50

Gratis kort for ungdom tom 20 år blir endra til at dei betalar vanleg kortpris og i staden får tilbakebetalt 100 % av jaktkortpris ved innsending av jaktstatistikk.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 1.2.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: DN
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag